



Magne Hope
Litlåsvegen 165
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1413 - 18/25860

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.08.2018

Avvist søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 108/525 Lindås

Administrativt vedtak. Saknr: 422/18

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

SAKSUTGREIING

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av om lag 1 020 m² frå gbnr. 108/525.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.05.2018.

VURDERING

Kommunen har ved gjennomgang av søknaden funne at denne ikkje er fullstendig. Dette gjeld:

- **Planstatus**
Omsøkte tomt ligg innanfor to ulike reguleringsplanar. Dette er reguleringsplanen for bustadfelt Lindås Prestegard del av gnr 108 bnr 1 der arealet er avsett til byggjeområde for bustadar med tilhøyrande anlegg og reguleringsplanen Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad der arealet er avsett til byggjeområde for offentlege bygg. Søknaden er ikkje i samsvar med plangrunnlaget.
- **Nabovarsel**
Søknaden er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla og det må gjerast greie for om det ligg føre merknader.
- **Tilkomst**
Vegrett for den nye parsellen er ikkje dokumentert sikra.

Tilleggsdokumentasjon vart etterspurd i vårt skriv datert 25.05.2018. Vi kan ikkje sjå å ha motteke ny dokumentasjon i saka.



Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at søknaden kan takast til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og forskrift om byggesak § 5-4.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4 vert søknad om oppretting av ny grunneigedom frå gbnr. 108/525 avvist.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i samsvar med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Magne Hope Entreprenørforretning
AS

Mottakarar:
Magne Hope

Litlåsvegen 165 5953

FONNES